

barnas bok- pris

*- bergensbarnas
favorittbok*

Lærerressurs

Kode 6

av Harald Nortun

Her er eit forslag til korleis ein kan jobbe med dei tre fyrste kapitla av Kode 6 av Harald Nortun. Vi har laga nokre oppgåver som kan jobbast med i forkant og etterkant av at læraren les høgt frå kapittel 1, 2 og 3. Opplegget tek omlag 30-60 minutt. Målet for opplegget er å gi elevane motivasjon til å lese heile boka, og at alle elevane får betre føresetnader for å forstå boken ved å aktivere forforståinga før lesing av kapittelet og ved å diskutere teksten etterpå.



1 Klasseromssamtale

- Kva veit de om boka frå før av?
- Har nokon lese andre bøker av Harald Nortun før?
- Diskuter boka sin tittel: veit de kva "Kode 6" betyr?

Dersom elevane har PCar eller nettbrett kan elevane søke på Kode 6 aleine eller i par. Spør kva elevane fann ut, og diskuter omgrepet. For å forklare kan du eventuelt lese/syne fram denne forklaringa frå politiet.no:

«En adressesperre kode 6 innebærer at opplysninger om den trusselutsattes adresse ikke er tilgjengelig for brukere av folkeregisteret. Kode 6-adresseopplysninger er gradert STRENGT FORTROLIG i henhold til beskyttelsesinstruksen»

Kven er det som treng å leve under kode 6, trur de?

2 Høgtlesing av kapittel 1, 2 og 3

Les høgt frå dei tre fyrste kapitla

3 Spørsmål og svar om karakterane i boka

Elevane kan arbeide i par eller grupper. Her bør elevane ha bøkene tilgjengeleg, slik at dei kan sjå over teksten medan dei arbeider. Elevane skal skrive ned tre ting dei veit og tre spørsmål eller ting dei lurar på om karakterane Stian, Kasper og Andreas. Elevane kan få 10-15 minutt til å jobbe ilag med oppgåva.

Når elevane er ferdige, kan de gå gjennom i plenum – skriv gjerne opp namna på tavla og stikkord på kva elevane veit og kva dei lurar på om personane. Til slutt kan de diskutere om det er nokre spørsmål elevane trur dei veit svaret på allereie, og kva spørsmål dei trur dei vil få svar på ved å lese vidare i boka.



BERGEN
OFFENTLIGE
BIBLIOTEK

bar-
nas
bok-
pris